



DET KONGELEGE  
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Askedalen 2  
6863 LEIKANGER

Dykkar ref  
17/9137-1

Vår ref  
15/56-192

Dato  
11. desember 2017

## Svar på spørsmål om overføring av ansvaret for kjøp av flyruter til nye regionar i Sør-Noreg

Vi viser til brev av 28. november 2017 frå Sogn og Fjordane fylkeskommune om korleis den vedtekne overføringa av ansvaret for kjøp av dei regionale ruteflygingane vil skje i høve til neste konkurranse om flyrutene i Sør-Noreg frå 1. april 2020.

Samferdsledepartementet har allereie starta prosessen med utlysinga av ny konkurranse om regionale ruteflygingar i Sør-Noreg, og Møreforskning Molde AS har fått i oppdrag å gjere ei utgreiing av flyrutetilbodet frå 1. april 2020. Utgreiinga skal vere ferdig januar 2018. Departementet vil sende endeleg rapport på høyring til fylkeskommunane og be om innspel på rapporten og utforminga av det nye konkurransegrunnlaget. Samstundes vil vi be om innspel til prosessen med overføringa av ansvaret til regionane. Vi utfører gjerne høyringsmøter med fylkeskommunen i samband med dette, der vi mellom anna kan diskutere i kva grad fylkeskommunen skal involverast i prosessen før 1. januar 2020. Kontraktlengde, moglegheit for overføring av kontraktansvar for gjeldande kontraktar og framtidig finansiering er forhold det kan vere naturleg å diskutere i den samanheng.

Samferdsledepartementet ser altså føre seg at vi i hovudsak handsamar denne konkurransen på lik linje med tidlegare konkurransar, ettersom regionane ikkje er oppretta før etter at kontraktene skal vere inngått, men at vi kan diskutere nærare om fylkeskommunen skal involverast i prosessen utover den ordinære høyringa.

Med helsing

Øyvind Ek (e.f.)  
avdelingsdirektør

Astrid Kirkebø Elde  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrive signaturar*

Postadresse  
Postboks 8010 Dep  
0030 Oslo  
postmottak@sd.dep.no

Kontoradresse  
Akersg. 59  
www.sd.dep.no

Telefon\*  
22 24 90 90  
Org no.  
972 417 904

Avdeling  
Luft- post- og  
teleavdelinga

Saksbehandlar  
Astrid Kirkebø Elde  
22 24 82 64